

# Tilsynsrapport

Rapport	
Rapporttittel <b>Rapport etter tilsyn med ansvar kompetanse og vedlikehold av alarmhandteringssystemet i kontrollrom på Draupner - Aktivitet 003000036 - Tilsynsrapport</b>	Aktivitetsnummer 003000036
Gradering	
<input checked="" type="checkbox"/> Offentleg	<input type="checkbox"/> Begrensa
<input type="checkbox"/> Uopptatt offentlighet	<input type="checkbox"/> Fortruleg
<input type="checkbox"/> Strengt fortruleg	
Involverte	
Hovudgruppe T-L	Oppgåveleiar Arne Halvor Embergsrud
Deltakarar i revisjonslaget Linn Iren Vestly Bergh, Elisabeth Vaagen, Arne Halvor Embergsrud, Kristian Solheim Teigen og Asbjørn Ueland	Dato 17.12.2021

## 1 Innleiing

Petroleumstilsynet (Ptil) gjennomførte tilsyn med Gassco si oppfølging av ansvar, kompetanse og vedlikehold av alarmhandteringssystema i kontrollrommet på plattformen Draupner i 2021.

Tilsynet blei utført ved gjennomgang av etterspurde dokument.

## 2 Bakgrunn

Petroleumstilsynet har dei siste åra hatt ein del tilsyn med oppfølging av alarmsystem, både på boreinnretningar, landanlegg og på produksjonsinnretningar der vi har avdekket at alarmsystema ikkje møter selskapa sine krav. Vidare har vi i andre tilsyn sett at det er høge alarmrater og mange ståande alarmer. Dette tyder på at det kan vere manglar både ved oppfølginga av systema og forståinga av kva verknader høge alarmrater og mange ståande alarmer kan ha på arbeidstilhøva for operatørane i kontrollromma.

I 2021 gjennomfører vi tilsyn med kontrollromma på dei fleste norske innretningar og anlegg.

### 3 Mål

Målet med denne oppgåva er å verifisere at operatørane følger opp alarmsystema og arbeidstilhøva for operatørane i kontrollromma i samsvar med regelverk og selskapa sine interne krav.

### 4 Resultat

#### 4.1 Generelt

Gassco har ikkje tenlege system som gjer det enkelt å følgje opp alarmsystemet på Draupner. Dokumentasjonen vi har fått tyder likevel på at alarmrater og omfanget av ståande og skjulte alarmer er moderat.

Selskapet hadde mangelfulle vurderingar av perseptuelle og kognitive begrensningar inkludert den totale arbeidsbelastninga for kontrollromsoperatørane.

### 5 Observasjonar

Vi har med to hovudkategoriar av observasjonar:

*Avvik:* Observasjonar der vi *påviser* brot på/manglande oppfyljing av regelverket.

*Forbetringspunkt:* Observasjonar der vi *meiner å sjå* brot på/manglande oppfyljing av regelverket, men ikkje har nok opplysningar til å kunne påvise det.

#### 5.1 Avvik

##### 5.1.1 Mangelfull analyse av arbeidsmiljøet i kontrollrommet

###### Avvik

Selskapet hadde ikkje gjennomført nødvendige analyser som sikrar eit forsvarleg arbeidsmiljø og gir støtte ved val av tekniske, operasjonelle og organisatoriske løysningar.

###### Grunngjeving

I følge tilsendt WEHRA kartlegging 1751911 ble SKR ombygget i 2019. Analyser som sikrer forsvarlege vurderingar av total arbeidsbelastning samt kognitive og perseptuelle begrensningar var til vår kjennskap i begrenset grad gjennomført i SKR på Draupner. WEHRA på innretningsnivå er ein grovkartlegging og erstattar ikkje faglege detaljerte kartleggingar og risikovurderingar av arbeidsmiljøet.

###### Krav

*Styringsforskrifta § 18 om analyse av arbeidsmiljøet*

## 6 Andre kommentarar

### Styrande dokumentasjon

I dokumentasjonen vi har fått er det ulike svar på kor ofte det vert gjort gjennomgang av måltala for alarmsystemet. Under punkt 6 blir det vist til at det er etablert eit vedlikehaldsprogram med to vekers intervall i samsvar med arbeidsprosessen OM101.08.06 medan det i punkt 5 vert sagt at det er eit FV-program for analyse av alarmer i SKR kvar 6. måned.

## 7 Deltakarar frå oss

Arne Halvor Embergstrud,	Fagområde prosessintegritet, (oppgåveleiar)
Linn Iren Vestly Berg,	Fagområde arbeidsmiljø,
Elisabeth Vaagen,	Fagområde arbeidsmiljø,
Kristian Solheim Teigen,	Fagområde prosessintegritet,
Asbjørn Ueland,	Fagområde prosessintegritet.

## 8 Dokument

Følgjande dokument vart nytta under planlegging og gjennomføring av aktiviteten:

- TR1494v4.01.pdf
- GL1494v1.01.pdf
- Draupner supplement to TR1494v1.02.pdf
- D003-XX-J-SD-044\_Alarmspesifikasjon\_Draupner.pdf
- OM101.08.06 Analyse av alarmer i sentralt kontrollrom.pdf
- FV Analyse av alarmer i SKR.pdf
- 1519041 – WEHRA – Statoil drift Arbeid i kontrollrom.pdf
- 1519044 – WEHRA – Statoil Arbeid i kontrollrom.pdf
- 1685672 – Arbeid i SKR dag.pdf
- 1751911 – Arbeid i SKR natt.pdf
- Draupner OBE treningsmanual.xlsx
- Informasjon til Ptil – Draupner.docx
- Ptil tilsyn med alarmhåndtering i kontrollrom - Informasjon fra Draupner.pdf
- 021121 Tilbakemelding til Ptil ifm oppfølging av Draupner.pdf